

Invitasjon til klubbmesterskap for T/H

Laurdag 19. september 2015



RAN Seilforening inviterer til klubbmesterskap for Tur/havseglarar laurdag 19. september.

Det vert segla i NOR Rating og båtar som ikkje har måltal vert tildelt måltal av arrangøren. Alle båtane startar samstundes klokka 12.00 frå startlinja til Ran Eintype Regatta. Båtane i klubbmesterskapet vert så sendt ut på eit 2-3 timars løp på faste merker som startar på kryss og held fram utanfor baneområdet til eintypebåtane. Målgang for T/H-båtane vert i Anglevik.

Ingen påmelding, ingen startkontingent = berre å møta i startområdet!

Det er ei målsetjing at flest mogleg av RANs jolleseglarar og foreldre vert med som mannskap på klubbmesterskapet. Det vert 1/3 premiering og premieutdelinga skjer på festen under RAN Eintype Regatta laurdagskvelden. Då vert det seglarfest i klubbhuset med koldtbord levert av Fana Catering, bar, premieutdeling for Ran Seilforenings sitt klubbmesterskap for T/H. Det vert óg premieutdeling for Banks Hjeltefjordtrim 2015. Påmelding og betaling for festen (400 kr) kan ordnast online. Sjå link via www.ranseil.no Deltakarane i klubbmesterskapet er sjølvstilt inviterte på dei sosiale hendingane under RAN Eintype Regatta.

Seglingsprogram og annan info om Klubbmesterskapet finn du på www.ranseil.no

Spørsmål om klubbmesterskapet kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39)



Velkomen til klubbmesterskap for T/H 2015!